

Mykings
skule



Til Trygge
FRA
Wiktorie, Kulik, Får

Årsmelding 2013



Nordhordland og Gulen
Interkommunale brannførebyggjande avdeling


Omslagsbilete: Innsendt bidrag etter undervisning i 1. trinn

Innhald

Innleing.....	4
Generelt om drifta.....	5
Kurs/seminar/utdanning.....	7
Tilsyn.....	7
Motivasjon og informasjon.....	8
Brannvernopplæring i barnehagar og skule.....	9
Pensjonistlag/foreiningar.....	10
Førebyggjande seilas Solund kommune.....	11
Kurs.....	11
Ekstern undervisning.....	12
Heimebuande pleietrengande.....	12
Trafikkfagleg Samarbeidsutval — TSU, Nordhordland....	13
Planar for 2014	14

Innleiing

Den interkommunale brannførebyggjande avdelinga består av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy og Solund.



"I ARBEID FOR EIN BRANNTRYGG KVARDAG"

Det brannførebyggjande samarbeidet i Nordhordland tel 9 kommunar og har tilsaman over 35.000 innbyggjarar. Den brannførebyggjande avdelinga har som hovudoppgåve å fremja risikorduserande tiltak gjennom eit godt tilsyns- og informasjonsarbeide.

Hovudmålsetjinga er å førebyggja tap av liv, helse, miljø og materielle verdiar som følgje av brann. Tilsynsarbeidet er i hovudsak systemretta med ein motiverande og ein orienterande del. Hovudhensikta er å sjekka ut at eigar/brukars av særskilte brannobjekt til ein kvar tid oppfyller gjeldande lovverk innan førebygging og internkontroll for å redusere skader og ulykker i forbindelse med brann.

Brannførebyggjande informasjons- og motivasjonsarbeid er i stor grad retta mot førebygging av brann, samt opplæring i handtering av ein eventuell brann. Arbeidet er retta mot kommunens innbyggjarar generelt og utsette grupper spesielt.

Avdelinga har i 2013 gjennomført totalt 29 % tilsyn. Dette er ein nedgang frå 2012. Avdelinga er likevel nøgd med gjennomføringa av dei tilsyna som er gått og det er blitt gjort mykje bra arbeid ute på objekta.

Øving og opplæring har også i 2013 vorte prioritert. Aktiviteten har vore stor og etterspørsele etter brannvernopplæring har auka både hjå kommunale og private verksemder, samt lag/foreiningar.

Avdelinga har gjennomført brannvernopplæring for elevar i 1.trinn og i 6.trinn. Undervisninga fokuserer på branngryggleiken i heimen, med blant anna sjekk og byte av batteri i røykvarslar, bruk og kontroll av brannsløkkjeutstyr og rømmingsveg. Elevane er godt orienterte og fungerer som dyktige brannførebyggjarar, så med dette undervisningsopplegget rekk vi inn i mange heimar.


Generelt om drifta

Omorganisering

Det har i 2013 vore gjennomført ein omorganisering av Teknisk drift i Lindås kommune. Brannavdelinga er no skilt ut som ein eigen Eining og ny Einingsleiar/Brannsjef er tilsett. Eininga er delt inn i to avdelingar, ein operativ avdeling og ein førebyggjande avdeling. Cathrine Lie er ny leiar for brannførebyggjande avdeling.

Den «nye» brannførebyggjande avdelinga er no sett saman av NGIB førebyggjande avdeling (interkommunalt samarbeid i 9 kommunar) og Feiing og bustadtilsyn (interkommunalt samarbeid i 2 kommunar).

Organiseringa av eininga:



Brannførebyggjande avdeling

Totalt tel den Brannførebyggjande avdelinga i 2013: avdelingsleiar, senior inspektør i 50%, to inspektørar i 100%, 3 feiarar i 100% og 2 lærlingar.

Samanslåinga kjem som følgje av omorganiseringa og er med på å skape eit brent fagmiljø innan det brannførebyggjande arbeidet. Fleire rapportar den seinare tida krev samarbeid på tvers av faggrupper og ein felles mobilisering av alle resursar og nytenking med tanke på å spreie kunnskap, motivasjon og informasjon om branntryggleik til publikum.

Ny Brann- og driftsstasjon

Lindås og Meland Brannvern har flytta inn i nye lokalar på Ikenberget, Alversund. NGIB følgde med på lasset og har fått nye kontor i den ny Brann- og Driftstasjonen.

Flyttinga har gått bra men førebuingar til og arbeid underveis i flytteprosessen har tatt meir tid enn forventa og ennå er ikkje lokala optimale. Vi ser fram til at lokala står ferdig i løpet av første halvdel av 2014.

I den nye stasjonen har Brannførebyggjande avdeling fått ny verkstad. Dette vert nytta til fylling av skumapparat til bruk i øving og opplæring, samt feiarverkstad.

Denne rapporten vil vidare berre ta for seg drifta som omhandlar det Interkommunale samarbeidet, NGIB brannførebyggjande avdeling.

Oversiktskart og bilde fra den nye brann- og driftsstasjonen på Ikenberget



Kurs/Seminar/Utdanning

Tilsette på avdelinga har samla eller enkeltvis delteke på ulike kurs og seminar.

- Brannvesenkonferansen på Gardermoen.
- TSG seminaret i Asker.

Tilsyn

NGIB har utført branntilsyn i særskilde brannobjekt etter liste gitt av den einskilde kommune. Kvart år kjem det til nye objekt og nokre objekt vert avregistrert. Oppdatering av lista over dei særskilde brannobjekta er det kvar kommune sjølv som har ansvar for å gjera. Talet på særskilte brannobjekt vil variera noko frå år til år.

Særskilte brannobjekt skal registrerast etter enkeltvedtak jfr. forvaltningsloven, og myndigheita er gjeven til kommunen gjennom brann- og eksplosjonsvernloven (2002).

Brannsjef i dei respektive kommunar (brannvesen) har delegert myndighet til å ivareta registreringen og oppfølginga av særskilte brannobjekt.

Pr 31.12.2013 har NGIB registrert 351 særskilte brannobjekt til saman i alle dei 9 kommunane. NGIB har i 2013 gjennomført branntilsyn i 29 % av dei særskilte brannobjekta.

Frå NOU rapport 2012: «Trygg hjemme» side 13 punkt 1.5.1.1 er det komen forslag om endringar i brannregelverket.

"Regulering av brannvernets førebyggjande arbeid og tilsyn tek avdelinga sikte på å endra slik at kommunane står friare til å foreta lokale prioriteringar. Dagens ordning med krav om faste frekvensar for tilsyn i særskilte brannobjekt kan fjernast og erstattast med eit krav om at kommunane utarbeider årlege tilsynsplanar basert på risiko- og sårbarhetsanalysar. "HMT og brannførebyggjande arbeid.

For NGIB avdelinga har det i 2013 vore store endringar på fleire områder med omorganisering og flytting til nye lokalitetar. Det har og vorte arbeida med å få på plass ein ny leiar på avdelinga i 2013. Dette er prosessar som har tatt mykje tid og resursar og avdelinga må grunna dette innsjå at talet på gjennomførte tilsyn for 2013 er låg.

Avdelinga er likevel nøgd med gjennomføringa av dei tilsyna som er gått og ser ein dei tre siste åra under eit har det tilsaman vore gjort mykje godt brannførebyggjande arbeid i dei særskilte brannobjekta. Eigar og brukarane ute på objekta ser og at eit godt brannførebyggjande arbeid i verksemda lønner seg.

Kommune	2010	2011	2012	2013
Lindås	38 %	53 %	60 %	28 %
Meland	39 %	50 %	90 %	55 %
Radøy	41 %	51 %	36 %	16 %
Solund	33 %	56 %	61 %	35 %
Fedje	-	-	27 %	9 %
Gulen	25 %	36 %	61 %	30 %
Modalen	32 %	42 %	47 %	32 %
Masfjorden	23 %	50 %	63 %	27 %
Austrheim	33 %	38 %	79 %	14 %
Gjennomført tilsyn totalt	32 %	49 %	61 %	29 %

Tallet på tilsynsobjekt og utførte tilsyn 2013, inndelt etter type objekt

Kommune	Totalt antall tilsynsobjekt			Gjennomførte tilsyn			Tallet på kommunale tilsynsobjekt			Tallet på tilsyn i kommunalebygg		
	A-objekt	B-objekt	C-objekt	A-objekt	B-objekt	C-objekt	A-objekt	B-objekt	C-objekt	A-objekt	B-objekt	C-objekt
Lindås	90	18	1	27	4	0	29	1	0	14	0	0
Austrheim	19	9	1	3	1	0	8	1	0	2	0	0
Fedje	7	4	0	1	0	0	4	0	0	1	0	0
Gulen	27	5	1	8	2	0	12	4	0	7	0	0
Masfjorden	32	8	1	8*	2	1	13	1	0	5	0	0
Meland	38	7	2	18**	6***	2	12	0	2	6	0	2
Modalen	13	6	0	5	1	0	6	0	0	5	0	0
Radøy	30	14	1	7	0	0	11	2	0	4	0	0
Solund	11	3	3	5	1	0	4	1	0	3	1	0
Totalt	267	74	10	82	17	3	99	10	2	68	1	2

* 1 tilsyn vart utført som eigenmelding

** 4 tilsyn vart utført som eigenmelding

*** 1 tilsyn vart utført som eigenmelding

Motivasjon og informasjon

Informasjonstiltak

Overordna målsetjing

Gjennomføra tiltak i henhold til § 5 - 3 i Forebyggendeforskriften, dvs. gjennomføre motivasjons- og informasjonstiltak om faren for, og ved brann, om førebyggjande brannverntiltak og oppreten i tilfelle brann.

Det overordna målet med informasjonstiltak er å treffa allmennheita generelt og utsette grupper spesielt, slik at kvar einskild innbyggjar bidreg til å halde brannrisikoen nede i sitt daglige virke.

Dette er tiltak som rettast direkte mot den enkelte innbyggjar og mot grupper som jobbar med personer med eit omsorgsbehov. Dette må sjåast på som eit av dei sterkeste verkemidlane i forhold til å redusere sannsynligheten for omkomme som følge av brann, samt å unngå brannar/branntillaup som medfører tap av personlige verdiar, som for eksempel bustaden, lausøyre og liknande.

Brannvernoplæring i barnehagar og i skulen

Barnehagar

På førespurnad til avdelinga vart det gjennomført undervisning i barnehagane, saman med frosken TRYGGE og brannbilen.

I år har me besøkt barnehagar i Meland, Lindås, Modalen, Austrheim og Radøy – til saman har ca. 300 born fordelt på 7 barnehagar har fått besøk av Leif-Atle, Frode og Trygge. Opplegget består av ein perm med illustrerte plansjar, rollespill, samtaleemne m.m., samt informasjonsmateriell til heimen. Barnehagepersonalet gjennomgår i forkant undervisninga med borna der "VANJA OG ELDAR" er rollemodellar.

Opplegget er svært populært blant borna og dei tilsette. Barnehagane har vore flinke til å gje attendemelding til avdelinga i form av teikningar. Dette er Trygge veldig glad for, og han tar dei innsendte teikningane med seg når han besøker andre barnehagar.



1. trinn

Alle førsteklassingar i samarbeidskommunane fekk i september besøk/undervisning av oss.



Talet på elevar i 1. trinn i heile regionen er på omlag 550 elevar. Undervisninga varar ein skuletime og fokuserer på at eleven skal forstå forskjellen på eld og brann, korleis ein skal oppføre seg når ein brann har oppstått, og få kjennskap til telefonnummra til naudetatane. Dette opplegget har avdelinga sjølv utvikla og arbeida med sidan 1997.

Innsendt bidrag frå elev i 1. trinn til Trygge

6. Trinn

I februar/mars gjennomførte me undervising til 6. trinnet på alle skulane i regionen, totalt ca. 600 elevar. I år har vi 20 år jubileum med undervisingsopplegget i Lindås og Meland.

Dette er ein aldersgruppe som er veldig engasjert i branngryggleik og er derfor viktig at ein held fram med dette. Undervisinga består av teori med førebyggjande brannvern retta mot heimen, samt sløkking av brann med handsløkkjar (skum). Undervisinga går over 3 skuletimar.

Med bakgrunn i temaet

"førebyggjande brannvern" vert elevane invitert til ein konkurranse der dei beste bidraga vert premiert med ein tur til Hovudbrannstasjonen i Bergen i regi av Bergen Brannvesen, og ein tur på vitenskapssenteret, VIL – VITE i Bergen.

I 2013 engasjerte 21 klassar og meir enn 300 elevar seg i konkurransen. Juryen har bestått av tilsette på avdelinga og politibetjent Sølvi Vetaas.

I år vant 6. trinn frå Rossland, Knarvik, Kløvheim, Mo og Ytre Solund skular.



Juryen samla med nokre av bidraga som vart sendt inn

Pensjonistlag / foreiningar

Med fokus på heimebuande eldre og brannfarar i heimen har vi hatt innlegg/undervising på pensjonisttreff i Lindås og Radøy. Til saman har rundt 300 pensjonistar fått undervising i korleis ein kan forhindra ein brann og kva krav og tiltak som er naudsynte for å gje eit tidleg varsel og kva som gjer best sløkkjeeffekt.

I 2013 har me vore på besøk i 7 lag/foreiningar. Frivillighetsentralen på Manger, Bøvågen pensjonistlag, Modalen pensjonistlag, Austrheim pensjonistlag, Lindåsnesset pensjonistlag, Brekke pensjonistlag og Fedje eldreråd. ca. 300 personar.



Førebyggjande seilas Solund kommune

Kvart år arrangerer Redningsselskapet og sjøfartsdirektoratet førebyggjande seilas (sjøvettdagar) for born i grunnskulen (5.-7. klasse) langs store delar av kysten. Opplegget fokuserer på teoretisk og praktisk sjømannskap, sjøvett og miljøvern.

Elevane vart delt inn i ulike grupper, der gruppene roterte etter tur på dei einskilde stasjonane hjå brannvesenet, ambulansebåt (røde kors), redningskøyte, knopestasjon, og politi.

Avdelinga fokuserte på rett bruk av gass (propan) i båt. Deltakarane fekk opplæring i bruk og betjing av sløkkjemiddel og ein tur i brannbilen.

Kurs

Overordna målsetting:

Alle som gjennomfører kurs i regi av NGIB skal få auka forståing for brannvern og være potensielle "brannførebyggjarar" ved å kunna bringa den førebyggjande bodskapen vidare til heimen, arbeidsplassen og nærmiljøet mv.

Avdelinga står for koordinering og administrasjon av kursa som vert gjennomført. Kursa som tilbys markedet vil være under ein stadig utvikling i forhold til å kunne tilby kurs som treff markedet ut frå etterspurnad og vår målsetning.

Aktuelle kurs:

Brannvernleiarkurs

Det vart gjennomført eit brannvernleiarkurs i 2013. Opplæringa er retta mot brannvernleiarar og HMT - personell i offentlege verksemder som barnehagar, skular, helseinstitusjonar, samt private verksemder. Brannvernleiarkurs vert gjennomført for å kunna dekke opp for den utskiftinga som er naturlig i forhold til nye brannvernleiare, og den grunnopplæringa desse har behov for.

Kurset inneholder emne og tema som vil gje brannvernleiarar i stand til å utarbeida interne kontrollrutinar, ajourføra brannteknisk dokumentasjon, øvingsplanlegging og rutinar jfr. lovverket.

Brannvernkurs

Allroundkurs som stort sett er bygd på ein basis med brannvernopplæring og som vert spesialtilpassa etter ynskjer/behova til våre kundar, det være seg sjukeheim og andre (kommunale og private verksemder).

Resertifiseringskurs yrkessjåførar

Etter forskrift om grunnutdanning og etterutdanning av yrkessjåførar er alle yrkessjåførar lovpålagt å gjennomføre obligatorisk modulbasert opplæring kvart 5. år. Avdelinga har inngått avtale med Nobina Buss om vidareføring av dette opplegget gjennomføring av teori/røykfull buss og praktisk sløkking.



Røykøving

Ekstern undervisning

Teoretisk og praktisk opplæring, samt praktisk øving for private verksemder

- Knarvik vidaregåande KUP.
- YIT, Mongstad.
- Sløkkjeøving for varmearbeidarkurs.
- Øving på sjukeheim i Velferdssentert på Manger.
- Øving på Nordliheimen, Austrheim
- Nobina Buss. Resertifiseringskurs for yrkessjåfører Modul 2. 10 kurs 60 personar.
- Nav Meland framandspråklege, 35 personar.
- Meland Arbeidsenter, personale og tilsette 60 personar.
- Meland bufelleskap, 25 personar.
- MAKS Arbeid med bistand, 14 personar.
- Hordaland Fylkeskommune, tilsette Gamle3hus Fammestad 15 personar.
- Personale i 3 barnehagar.
- Personale på 3 skular.
- Førebyggjande seilas Solund kommune 50 personar.

Heimebuande pleietrengande

Heimmebuande eldre med omsorgsbehov er stort og det er aukande i åra som kjem. Brannstatistikk viser at personar over 70 år har nesten fire gonger høyere risiko for å omkomma i ein brann enn dei under 70 år. Også yngre personar med nedsett funksjonsevne er overrepresentert i brannstatistikken. Eldreprosjektet som starta opp i 2010 og konklusjonane i NOU 2012: 4 "Trygg hjemme", viser at det er fleire etatar som må inn for å gjere ein forskjell for heimebuande pleietrengande i forhold til branngryggleik i desse utsette gruppene.

Følgjande må vektleggjast:

For å utføra eit godt førebyggjande arbeid er samarbeidet mellom brannvernet og andre einingar i kommunane viktig. Dette gjeld blant anna byggjesaksavdelinga, kommunanes helse - og sosialavdeling, (soneleiarar i heimehjelpen), NAV og kommunanes eigedomsavdeling som er huseigar for mange ressurssvake grupper.

Førebygging er eit nøkkelord. Det er eit mål å finne gode, helhitlege og kostnadseffektive løysningar som tek omsyn til ulike risikogrupper (og enkelindividene) føresetnader for å ta ansvar for seg sjølv og eiga branngryggleik.

I tillegg til eldre med behov for assistanse som bur i ordinære eller kommunale omsorgsbustader, vil særskilte risikorisikogrupper også omfatte andre personar med redusert buevne, dette er personar med funksjonshemminger, rus, psykiske problem, demens og kognitiv svikt. Gjennomføring av tiltak ovanfor utsette grupper vil i hovudsak vera eit kommunalt ansvar.

Ei anna gruppe som vert integrert i kommunane, eksempelvis asylsøkjarar er ei anna risikogruppe som er lite kjent med norsk branngryggleik.

Ein lyt sjå på behova særskilte risikogrupper har for spesielt tilrettelagte brannverntiltak og korleis desse kan imøtekommast.

NGIB har hatt sammøte med Helse og Sosial i kommunane - Meland, Lindås, Modalen, Solund og Austrheim for å innføra rutinar for utføring av "tilsyn" hjå heimebuande eldre som har fått fatta enkelt vedtak om hjelp i heimen frå kommunen.

Tilsynet går ut på å sjekka branngleiken i bustaden til heimebuande pleietrengande. Ut frå ei enkel sjekkliste, kan heimehjelpen gjere ein enkel risikovurdering og gje attendemelding til kommunen/pårørande.

Sjølv om heimehjelpen gjer ein enkel brannsjekk av bustaden, har ikkje heimehjelpen noko juridisk ansvar, og vil soleis ikkje verta stilt til ansvar om noko uforutsett skulle henda. Det er bustadeigar sitt ansvar at bustaden til ein kvar tid er branngleikk, bygd og utstyrt etter forskriftene.

NGIB ynskjer å bidra og styrke branngleiken for denne sårbare grappa i samfunnet.

Trafikkfagleg Samarbeidsutval - TSU, Nordhordland

Avdelinga er representert i Trafikkfagleg Samarbeidsutval, TSU Nordhordland. TSU Nordhordland har i fleire år gjennomført trafikksikringsdagen for avgangsklassane (russearrangement). Gruppa består av representantar frå politi, ambulanse, brann og Trygg Trafikk.

Med alle trafikkulukkene som har vore langs E39 og RV 57 til Mongstad dei siste åra, kører ein i Nordhordland på ei vegstrekning med forhøya risiko. Det er derfor viktig å ha fokus på førebyggjande trafikksikkerheit. Mange av oppdragene til brannvernet er å rydda opp og frigjere pasientar etter ulykker.

Spesielt utsette grupper i trafikken er ungdom mellom 15 og 23 år. Derfor har TSU, Nordhordland spesielt retta det førebyggjande arbeidet og fokuset mot denne gruppa .

Gruppa har blant anna vore ein pådrivar for å få til ein prosjektstilling som TS(Trafikksikrings)-koordinator i Lindås kommune. Og i 2013 søkte kommunen om statlege «frimidlar» og fekk innvilga kr 500.000,- til dette formålet. Dette er «frimidlar» til trafikksikringstiltak (TS-koordinator) som alle kommunar kan søkje om.

Kommunane Lindås og Austrheim fekk trafikksikringsprisen i 2013. Dette er midlar som kommunane sjølv kan bruka fritt til trafikksikringstiltak. Kommunane fekk prisen saman blant anna for det gode trafikksamarbeidet på tvers av kommunegrensa.



*Frå trafikktryggleiksdagen
for avgangsklassane i
Nordhordland, på
Folkehøgskulen i Meland*

Planar for 2014

- Gjennomføre tilsyn i § 13 bygg, særskilte brannobjekt.
- Gjennomføre tematilsyn i §13 bygg, særskilte brannobjekt
- Gjennomføre tilsyn som eigenmelding i §13 bygg, særskilte brannobjekt
- Ta i bruk ny § 13 modul i Komtek
- Innføre samarbeid med operativavdelinga Lindås og Meland brannvern med tematilsyn/fadderordning for aktuelle bygg i Lindås og Meland.
- Besøk i skulane med kursopplegg:
 - 6. trinn (vinter)
 - 1. trinn (høst)
 - 7. trinn (stilkonkurranse)
- Gjennomføre kurs for brannvernleiar ved behov
- På førespurnad besøke barnehage og organisasjonar som ynskjer informasjon/motivasjon om branntryggleik.
- Saman med kommunane kartlegge utsette risikogrupper og arbeide for innføring av risiko-basert tilsyn i kommunane.
- Arrangere "brannvernuka" – med open brannstasjon i samarbeid med Lindås og Meland Brannvern.

